

OPPDRAGSBESKRIVELSE

1. Bakgrunn

Møre og Romsdal skal rullere Fol-strategien for næringslivet og Fol-strategien for kommunal sektor hausten 2020¹, og planlegg fleire dialogmøte i ulike delar av fylket for å få innspel til strategiarbeidet.

Dialogmøta skal bidra til å forankre innhaldet i strategiane og skape eigarskap til måla i strategien. Rulleringa av strategiane skal bidra til å vidareutvikle plattformen for smart spesialisering i Møre og Romsdal. Dette inneber å vidareutvikle samarbeidet mellom nytt og etablert næringsliv, offentleg sektor, akademia, organisasjonar, investorar og virkemiddelaktørane i regionen. Samarbeidet skal bidra til utvikling og vekst i regionen.

2. Om oppdraget

Fylkeskommunen har bestilt ei evaluering av strategiarbeidet så langt. Evalueringsrapporten vil saman med tilgjengelege rapportar og analyser av utviklinga i regionen utgjere kunnskapsgrunnlaget for rullering av strategiane.

Tilbyder må beskrive korleis ein vil bruke kunnskapsgrunnlaget saman med kunnskap og erfaring som deltakarane har, til å få fram utfordringar og moglegheiter for utvikling og vekst innafør satsingane i strategiane og eventuelle behov for å justere strategiane.

Gitt moglegheitene og utfordringane for vekst og utvikling som kjem fram i dialogmøta, skal fasiliteringa legge til rette for å få innspel til svar på følgjande spørsmål:

- Kva kunnskapsområder må vi utvikle og bygge opp?
- Kva teknologiområde må vi bygge opp og utvikle?
- Kva samarbeidsformer skal vi ha?
- Kva verkemidlar er det behov for?

Tilbodet må innehalde forslag til inndeling av dagen og lengde på dialogmøta. Det bør leggest til rette for at deltakarane får ei oppleving av å ha nytte av dagen.

Tilbodet må beskrive nødvendig etterarbeid frå dialogmøta for dokumentere og samanfatte innspela frå dialogmøta.

På grunn av den pågåande pandemien må tilbodet innehalde forslag til korleis ein kan gjennomføre prosessen på ei eigna plattform, som tek høgde for at det kjem restriksjonar på tal personar som kan samlast.

¹ Link til forskings- og innovasjonssstrategiane.